



Notat

Dato: 07.10.2014
Arkivsak: 2014/20376-3
Saksbehandlar: nilgrud

Til: Samferdselsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Fotgjengerfelt på Fv 179 Steinsvikvegen - Svar på oversendingsforslag i samferdselsutvalet

På møte i samferdselsutvalet 20.08.14 sette representanten Gustav Bahun (Frp) fram følgjande oversendingsforslag:

«Fotgjengerfelt på Steinsvikvegen

Dette er ein fylkesveg som det er 60 km/t på. Det finst ikkje fotgjengerfelt over denne vegen og veldig mange barn(!), unge og vaksne spring over vegen kvar dag. Dette gjer de for å nå busstoppet som er på andre sida av vegen eller for å bruke badestranda, naust eller småbåthamna. Spesielt på sommaren er det veldig mange barn som spring over vegen for å bada. Det har vore mange nestenkollisjonar her og mange bilistar held desverre mykje høgare fart enn 60 km/t.»

Samferdselsavdelinga sendte i brev av 01.09.14 oversendingsforslaget over til Statens vegvesen for vidare sakshandsaming. I brev av 25.09.14 ligg det no føre svar frå statens vegvesen (sjå vedlegg).

Fylkesrådmannen viser til svaret frå Statens vegvesen og har elles ikkje nokon merknader.